

Kandidatar

7. Anne Skår, 49 år frå Sogndal. Anne er fysioterapeut og høgskulelektor. Eg melde meg inn i SV fordi eg meiner det er viktig å delta i dei demokratiske institusjonane eller kanalane for å påverke samfunnet. SV er det partiet som heilheitleg mest er i tråd med mine synspunkt og verdiar. Eg er oppteken av å ivareta klima og natur, solidaritet internasjonalt, samferdsle: prioritere rassikring og gul midtstripe framfor store motorveggar og ferjefri E39. Bygge ut tog og ha gode kollektivtilbod. Levande lokalsamfunn i distrikta og mykje meir.

8. Asle Olsen, 41 år frå Bjørnafjorden kommune, utdanna ingeniør. Jeg meldte meg inn i SV under flyktningkrisen i 2015, fordi jeg ønsket å vise støtte til , og bidra i, et parti som virkelig viste at det å hjelpe de som flykter fra krig er det eneste riktige. Den aller viktigste saken for meg er klimaendringene. Vi er nødt til å få stoppet klimaendringene og Norge, et av verdens rikeste land som har tjent stort på olje og gass, må vise at vi går foran som et foregangsland. Deretter kommer ulikhet. Forskjellen i Norge er større enn mange er klar over og må reduseres kraftig.

9. Tone Mjelde, 32 år frå Osterøy, barnevernspedagog. Eg meldte meg inn i SV grunna flyktningkrisa i Europa og Noreg. Tone er også oppteken av at Noreg skal ha ei sterk røyst i kampen mot klimaendringar og meldte seg inn i partiet nettopp fordi dette er saker SV er tydelege i. Eg er oppteken av barn og unge sine oppvekstvilkår, og meiner at om folk får ein god barndom til samfunnet vårt også bli betre. Å sikre at ingen fell utanfor er ei ufatteleg viktig oppgåve for kommunar, fylka og staten. Eg er også oppteken av gode kollektivordningar som fungerer både i byen og på bygda. Me treng kreative løysingar som gjer at både den urbane studenten og industriarbeidaren vel klimavennlege løysingar i kvardagen sin.

10. Gaute Losnegård, 52 år og bur i Askvoll kommune, historikar og forfattar. Gaute meldte seg inn i SV fordi han vil ha ei meir rettferdig fordeling av ressursane på jorda, samtidig som at vi må ta vare på jorda vår. Klima, miljø, rettferd, fred mellom menneske og god distriktspolitikk ar dei viktigaste sakene for meg.

11. Mari Svartveit Hansen, 38 år frå Kinsarvik i Ullensvang kommune. Jobbar frilans innan journalistikk

12. Rafael Cobo Garrido, 53 år frå Askøy, adjunkt ved Sandgotna i Loddefjord.

13. Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy, 21 år og frå Bergen. Leiar i Vestland og sosialistisk Ungdom og studerer bachelor i Litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen

14. Eigil Hole Lønning, 32 år frå Bergen. Er doktorgradsstipendiat innan for utdanningsforskning ved Høgskulen på Vestlandet

15. Silje Heltne, 40 år frå Bergen, utdanna sosialantropolog, jobbar som lærar i norsk for innvandrarar

16. Thor Olav Iversen, 35 år, frå Bergen, er doktorgradsstipendiat ved Senter for Vitskapsteori ved UiB

17. Augusta Moen Opsahl, 23 år, opprinneleg frå Oslo men bur i Bergen. Studerer master i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen

18. Yngve Haugsdal, 18 år frå Øygarden, Automasjon

19. Tea Volle, 18 år frå Sogndal. Går på Sogndal Vidaregåande skule

20. Åge Rosnes, 68 år frå Askøy, pensjonist.